

Eksamen

16. november 2016

BUA2001

Helsefremjande arbeid / Helsefremmende arbeid

Programområde: Barne- og ungdomsarbeider

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan nyttast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>VURDERINGSRETTEIING FOR BESVARELSEN:</p> <ul style="list-style-type: none">- Når du løyser oppgåva må du beskrive dei vala du tek, og grunngje dei.- Din kompetanse i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å:<ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff, og grunngje dine synspunkt og forslag til løysing på oppgåva• trekkje inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for oppgåva sine problemstillingar• gjere greie for resultatet/konsekvensane av dine faglege val• mestre relevante grunnleggjande ferdigheiter• bruke eksempel der det er relevant• bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein hensiktsmessig og etterretteleg måte

Eksamensoppgåve

Du arbeider i Gården barnehage, på ei avdeling med 18 barn i alderen 4-6 år.

Det er ein førskulelærer og ein assistent på avdelinga. I barnehagen er det bestemt at avdelinga skal ha temadagar med grønsaker. Barna skal lage lunsj som består av ulike grønsaker.

Oppgåve 1

Lag ei fagleg grunngjeving for at barnehagen skal gjennomføre eit opplegg der barna skal lage til og smake på ulike grønsaker.

Oppgåve 2

Kva vil du servere som drikke til desse måltida? Grunngje valet ditt.

Oppgåve 3

Korleis vil du som tilsett legge til rette for god hygiene ved oppbevaring og tillaging av maten som inngår i måltida?

Oppgåve 4

Som barne- og ungdomsarbeidar skal du vere med på å utvikle sjølvkjensla til barna. Drøft korleis du i arbeidet med tema grønsaker kan ha fokus på utvikling av sjølvkjensle – når du veit at nokon av barna i gruppa seier at dei ikkje likar grønsaker.

Oppgåve 5

Skal barna jobbe med grønsakene, vil det kunne oppstå situasjonar der dei kan skade seg.

- a) Korleis vurderer du risikoen for skader og ulykker i samband med at barna skal lage grønsaksrettar til lunsj?
- b) Kva for tiltak meiner du bør vere sett inn for å hindre ulykker og skadar ved gjennomføringa av temadagane om grønsaker?

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>VURDERINGSVEILEDNING FOR BESVARELSEN:</p> <ul style="list-style-type: none">- Når du løser oppgaven må du beskrive de valgene du tar og gi en begrunnelse- Din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å:<ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkter og forslag• til løsning på oppgaven• trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for• oppgavens problemstillinger• gjøre rede for resultatet/ konsekvensene av dine faglige valg• mestre relevante grunnleggende ferdigheter• bruke eksempler der det er relevant• bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte.

Eksamensoppgave

Du jobber i Gården barnehage, på en avdeling med 18 barn i alderen 4-6 år.

Det er en førskolelærer og en assistent på avdelingen. I barnehagen er det bestemt at avdelingen skal ha temadager med grønnsaker. Barna skal lage lunsj bestående av ulike grønnsaker.

Oppgave 1

Lag en faglig begrunnelse for at barnehagen skal gjennomføre et opplegg hvor ungene skal tilberede og smake på ulike grønnsaker.

Oppgave 2

Hva vil du servere som drikke til disse måltidene? Begrunn valget ditt.

Oppgave 3

Hvordan vil du som ansatt legge til rette for god hygiene ved oppbevaring og tilberedning av maten som inngår i måltidene?

Oppgave 4

Som barne- og ungdomsarbeider skal du være med å utvikle barnas selvfølelse.

Drøft hvordan du i arbeidet med tema grønnsaker kan ha fokus på utvikling av barns selvfølelse når du vet at noen av barna i gruppa sier de ikke liker grønnsaker?

Oppgave 5

Skal barna jobbe med grønnsakene vil det kunne oppstå situasjoner der barna kan skade seg.

- a) Hvordan vurderer du risikoen for skader og ulykker i forbindelse med at barna skal lage grønnsaksretter til lunsj?
- b) Hvilke tiltak mener du bør være satt inn for å hindre ulykker og skader ved gjennomføringen av temadagene om grønnsaker?



www.vigoiks.no/eksamen